



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Nils Erling Yndesdal
Telefon: 57643120
E-post: fmsfney@fylkesmannen.no

Vår dato
15.01.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2017/3445- 430
Dykkar referanse

Klima- og miljødepartementet
Pb 8013 Dep
0030 OSLO

Høyringsfråsegn til framlegg til endringar i vassforskrifta og naturmangfaldlova

Vi viser til høyringsnotat av 5.10.2017 frå Klima- og miljødepartementet og Olje- og energidepartementet om framlegg til endringar av vassforskrifta og naturmangfaldlova.

Framlegget inneber at ansvar som i dag ligg til fylkeskommunar som vassregionmyndigheit dels blir overført til fylkesmenn utpeikt som vassregionkoordinator, og dels til Miljødirektoratet og andre direktorat. Departementa gjer framlegg om at heimelen for planarbeidet blir flytta frå plan- og bygningslova til naturmangfaldlova, og vidare ei rekkje endringar for å få forskrifta meir i tråd med EU sitt vassdirektiv.

Fylkesmannen registrerer at departementa si målsetjing er forenkling og effektivisering og at det blir teke nasjonale heilskapsgrep. Vi meiner at framlegget i all hovudsak varetek dette målet.

Miljødirektoratet har i si høyringsfråsegn av 20.12.2017 gitt støtte til hovudgrepa i framlegget, og dei har kome med ein del konkrete merknader til organiseringa av arbeidet, heimelsgrunnlaget og andre regelendringar. Fylkesmannen meiner at endringsframlegget blir betre ved å ta omsyn til merknadene frå Miljødirektoratet. Vi vil spesielt peike på at det er viktig å klargjere offentlege myndigheiter sine oppgåver, jf. Miljødirektoratet sitt framlegg til ny § 20 i vassforskrifta.

Dersom det blir gjennomført endringar i vassforskrifta og naturmangfaldlova, vil Fylkesmannen understreke at det er viktig å byggje vidare på den kunnskapen, kompetansen og erfaringa som er bygd opp på regionalt nivå gjennom fleire år. Det er også viktig å få til ein smidig og god overgang for at ikkje framdrifta i arbeidet skal bli skadelidande. Og det er sjølvsagt avgjerande at dei fylkesmenn som blir utpeika som vassregionkoordinator får nok ressursar til å løyse dei nye oppgåvene. Behovet for ressursar vil auke dersom fylkesmennene også skal vere ansvarleg for å utarbeidde framlegg til oppdatering av planar og tiltaksprogram.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernshjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi:

- Miljødirektoratet post@miljodir.no
- Fylkesmannen i Hordaland fmhopostmottak@fylkesmannen.no